

TURNGRUPPA 2018

Treningstilbudet og partia i turngruppa

Turngruppa har hatt 15 ulike parti i sving i 2018, med ei aldersfordeling frå 3 til 18 år. Dei fleste av dei aktive er likevel under 12 år, med unntak av konkurransepartia. Partia har i all hovudsak vore fullteikna og vi har hatt ventelister på fleire av tilboda, men ventelistene har vorte mindre enn dei var i 2017 og storleiken på ventelister har gått ned frå vår til haustsemesteret. Dette til tross for at Ulstein Arena så smått har vorte teken i bruk. Medlemstalet viser at turngruppa framleis er den nest største idrettsaktiviteten i Ulstein.

Fleire av partia har svært stabil medlemstilhøyrse, medan andre har relativt stor gjennomtrekk. Mange av dei som er aktive i 2018 har vore med sidan dei var tre år gamle, og fordeler seg på breidde og konkurransepartia.

Medlemmane

Ved årsskiftet hadde turngruppa 480 medlemmar, og 360 av desse var aktive.

Medlemskap fordelt etter kjønn:

Kvinner: 360

Menn: 120

Tilknytt parti/aktivitet/roller:

Kvinner: 255

Menn: 105

Medlemmane vert fakturert to gongar i året i januar/februar og august/september. IL Hødd fakturerer for medlemskapet ein gong i året. Det er difor viktig at den som er medlemsansvarleg følgjer opp medlemmane kontinuerleg. Dette på grunn av stadige endringar gjennom året.

Treningstid og treningstimar

Dei fleste av aktivitetane i turngruppa vert definert som breiddeaktivitet, men nokre parti jobbar målretta for å delta i konkurransar anten lokalt, regionalt, nasjonalt eller internasjonalt. Dette gjer at typen trening og treningsmengde varierer stort mellom dei aktive. Ein gjennomsnittleg medlem trenar 1-3 timar per veke, medan ein konkurransegymnast trenar opp i mot 25-30 timar per veke, alt etter kva nivå det vert

konkurrert på. Dette stiller ikkje berre krav til gymnastane, men også til trenarane med omsyn til innsats og kompetanse.

Konkurransar og arrangement

Gjennom året har turngruppa arrangert fem konkurransar, fordelt på RG og apparatturn kvinner og menn. I juni arrangerte turngruppa våroppvising, der alle parti var representerte med eigne program som dei synte fram. Eit kjekt arrangement som har vorte ein årvisse tradisjon, men også ei viktig inntektskjelde for turngruppa. Dette gjeld også den årvisse juleoppvisinga, som har vore ein fast tradisjon sidan turngruppa vart etablert. I tillegg er det også ei viktig inntektskjelde for turngruppa.

Juleoppvisinga med 40 års markering av IL Hødd turn på tampen av året trekte mange tilskodarar. Her var det innslag frå både ordførar og styreleiar, samt intervju med veteranar, som var med på å starte turngruppa, og Edel Fosse som har delteke i VM. Overrekkinga av gåvesjekk frå Sparebanken Møre var også ei positiv overrasking, samt at turngruppa fekk ei pengegåve fra Ordføraren i Ulstein.

Alle fellesarrangementa til turngruppa har føregått i Ulsteinhallen, noko som har gjort at det er god plass både til utøvarar og publikum.

RG har gjennomført sine kretskonkurransar i Ulstein Arena, medan apparatturn har hatt sine konkurransar i treningshallen på Myra.

I juni hadde gutane besøk av Espen Jansen, og saman hadde dei oppvising på Blåhuset. Eit innslag som var positivt både for gutane og publikum som var til stade.

I juni inviterte Kristiansund turnforening til barneturnstemne. Frå Hødd deltok i underkant av 50 gymnastar, både gutar og jenter. Her fekk gymnastane m.a prøve ulike workshops, vere på disko og sove på skule. Søndagen framførte dei ein flott stemneprisdans med Spania som tema. Ei minnerik og sosial helg for både born og vaksne.

Trenarane

Turngruppa har hatt med om lag 35 trenarar i 2018. Av desse er det fleire nye, og i løpet av året er det fleire som har teke trenarkurs. Sju av turngruppa sine trenarar har tatt medtrenarkurs, to har deltatt på kurs i idrettens grunnstige og ein har fullført trenar 1 kurs. Det er særleg fint at «gamle» utøvarar kjem tilbake som trenarar. I 2018 har turngruppa fått med fleire foreldre som trenarar, og det er svært positivt. Turngruppa har likevel eit stykke å gå for å få utdanna og kvalifisert trenarane, slik at dei blir klare for å fylgje gymnastane.

Anlegg/Fasilitetar

Turngruppa disponerer i dag Myra på fulltid, kapasiteten her er sprengt. Det har vore nokre saker i 2018 som har blitt utbedra. Lekasje tak i garderober og problemer med det elektriske anlegget i forbindelse med oppvarming av turn salen. Myra fungerer svært dårlig til større arrangement med mykje tilskodarar, det har også skapt avis skriverier fra naboer på Skeide som irriterer seg over at det står bilar langs vegen.

Noko av det mest slitte på Myra er det frittstående golvet som er over 30 år gammalt. Nytt golv er bestilt og blir levert i uke 14 i 2019.

Gymsalen på Skeide barneskule. Salen blir brukt til gymleik. Salen er for liten og det setter begrensinger i forhold til hvor mange barn som kan delta. Det er også svært begrensa plass til utstyr her.

Ulstein Hallen oppe på Høddvoll blir brukt av RG jentene 3-4 dager i uka. De er lokalisert i ene svingen av hallen og kan trene selv om andre benytter selve hallen ved annen aktivitet. Dette medfører at Rg jentene kan trene når de vil, men de har litt begrensa plass.

Ulstein Arena er en ny arena for Hødd Turn, vi fikk tid i arenaen fra Høsten 2018. Foreløpig har vi fått tider på Tirsdag, Onsdag og Torsdag på litt ugunstige tider. Her måtte turn gruppa investere i nytt utstyr slik at vi kan benytte arenaen til trening. Ulstein Arena har skapt utsikter for tilbud til medlemmane som ikkje har behov for stasjonære apparat. Turngruppa skulle likevel ønskje at vi fekk tildelt enda fleire timar og meir gunstige treningstider i Ulstein Arena, slik at treningstidene er tilpassa dei aktuelle aldersgruppene. Hausten 2018 har RG rekrutt/junior, 4.-5. kl. jenter, 6.-7. kl. jenter i tillegg til nokre av gutane hatt deler av treningane sin i Ulstein Arena.

Ny Turnhall oppe på Høddvoll. Noko av det største problemet turn gruppa har er at vi er lokalisert på so mange forskjellige stadar, samtidig som vi ikkje har noko anna valg pr i dag om vi skal få gitt eit tilbud til flest mulige utøvarar. Ein ny turnhall vill gi rom for økt aktivitetsnivå samt eit større samarbeid med for eksempel Hareid Turn. Arbeidet med finansiering av ein slik hall fortsetter inn i 2019.

Gymleik har i hovudsak vore på Ulstein skule, medan dei aldersbestemte breiddepartia og konkurranseturn har vore på Myra. RG har framleis største delen av sine treningar i Ulsteinhallen.

Dugnader

Turngruppa er i stor grad basert på frivillig arbeid, både når det gjeld administrasjon og dugnadsarbeid elles. Det er særleg verd å merke at turnhallen på Skeide jamleg vert gjort reint av foreldre som har barna sine på trening i denne hallen. Dette er ingen sjølvfylgje, og noko vi er stolte over å få til.

Arrangementa har og kravd sitt når det gjeld dugnadsarbeid, og utan god hjelp av både trenarar og foreldra hadde det heller ikkje vore mogleg å gjennomføre konkurransar, treningssamlingar og andre arrangement.

Tidlig i 2018 tok Turn styret ei beslutning om å øke vaskegjengen frå 3 til 4 personar kvar helg. Dette har heva kvaliteten på vaskinga då det ikkje lenger er så kritisk at alle møter.

Det blir laga vaskelister ut fra medlemslistene, her har det vore eit problem at fleire barn har slutta og dermed møter ikkje foreldra på dugnad. Det er utruleg viktig at trenarane oppdaterer medlemsansvarlig på kven som har slutta, slik at vi ikkje kallar inn foreldre til utøvarar som har slutta.

Viktig å få på plass eit system for helge treningar/konkurransar/trenings samlingar, slik at det kan planleggast ei tid for vasking av Myra.

Det har blitt laga eit system på vaskelista der den som er ansvarleg til å kalle inn til vask også er ansvarlig for å gi beskjed til den som skal kalle inn til vask veka etter, dette fungerer nokonlunde, dvs det er ikkje alle som huskar å gi beskjed til neste på lista.

laminert liste med reinhaldsinstruks heng inne i hallen og på vaskeromet.

Moppar og tvoger hentar dugnadsansvarleg fra Styret kvar veke og vaskar heime.

Dugnadsansvarleg Handlar inn såpe, vaskemiddel, tørkepapir og tørkerull.

Økonomi

Dei planlagde aktivitetane i turngruppa er i all hovudsak gjennomført, dette viser også att i rekneskapen. Turngruppa har eit driftsresultat på 217.183,43 kr. Eit resultat som ligg kr. 66.783,43 over det som var budsjettet. Om vi ser på nøkkeltala i budsjett/rekneskap, ser vi at inntektene på treningsavgift ligg om lag kr. 8.000,- over budsjett, dvs. ei inntekt på 447.640,-. Treningsavgifta er største inntektskjelda til turngruppa, og det er såleis avgjerande for drifta i gruppa. Inntekter interne arrangement og loddsal ligg også over budsjett i tillegg til at turngruppa har fått større overføringar frå IL Hødd enn det som var budsjettet. Desse overføringane omfattar LAM-midlar, momskompensasjon og grasrotmidlar. Det er og grunn til å merke at turngruppa fekk spelemidlar for utstyr som vart kjøpt inn i 2017. Dei samla inntektene for 2018 vart noko høgre enn forventa og utgjør ein differanse på kr. 92.788,-.

Kostnadane er samla sett lågare enn budsjettet, men vi kan merke at postane treningsutstyr og arbeidsgjevaravgift ligg over budsjett. Treningsutstyr hadde eit budsjett på kr. 50.000,-, men det vart kjøpt inn utstyr for kr. 126.300,-. Årsaka til dette var at turngruppa etablerte treningsaktivitet i Ulstein Arena og hadde behov for utstyr. Med utgangspunkt i at turngruppa hadde god likviditet og dei økonomiske rammevilkåra elles tilsa ei slik investering, vart det difor kjøpt inn utstyr.

Trenerkompensasjon ligg noko under det som er budsjettert, men dette vert utlikna ved at arbeidsgjevaravgifta på kr. 18.000,- har kome inn. Dette skuldast at turngruppa er ein del av IL Hødd med eitt felles organisasjonsnummer. Vi kan og merke forholdet mellom eigenandel gymnastar og påmelding kretskonkurransar. Av beløpet som ligg i påmeldingar konkurransar, er kr. 30.315,- eigenandelar i samband med kretsturnstemne i Kristiansund. Dette kjem som inntekter i rekneskapen. Turngruppa har lagt ut for samla påmeldingar, og deretter har medlemmane betalt for sine eigenandelar som til dømes overnatting, hyggekveld lunsj osv.

Sportslig utvalg

Leiar: Cesilie Warholm Havåg (styremedlem)

Medlemmer: Kari Brandal (breidde), Vidar Fosse (turn kvinner), Tommy Tandberg (turn menn), Therese Sundgot (gymleik, breidde) og Solveig Saunes/Tonje Hjertø (RG)

. Formålet med utvalet er å vere eit bindeledd mellom trenarar og styret i Hødd turn for å kommunisere behov på tvers av ulike grupper. Blant anna kan utvalet utarbeide forslag til innkjøp av utstyr, forslag til kurs og treningssamlingar m.m.

Sportslig utval vart etablert på førsommaren 2018 og har avholdt eitt møte: Nødvendig utstyr til Ulstein Arena har blitt kjøpt inn og at det trengs midlar til nytt frittståandegolv på Myra.

Vidareføring av sportsleg utval?

Dette er ei ny arbeidsfordeling for Hødd Turn og det vil vere nødvendig å vidareføre denne arbeidsforma for å sjå nytteverdien på lengre sikt. Det er viktig at det er representantar frå dei ulike grupperingane i sportslig utval for å kunne fremje behov både for dei som høyrer til breidde og elite.

Sponsorar og Samarbeidspartnerar.

I 2018 hadde Turngruppa ingen sponsor/samarbeidspartner, det er satt ned ei gruppe bestående av Vidar Fosse, Bjørn Roppen og Tore Liadal. Denne gruppa skal ta kontakt med det lokale næringslivet og bankene for å høre hva vi kan samarbeide om fremover. Det er oppretta kontakt med både Sparebanken Møre og Sparebanken 1 Søre sunnmøre med målsetjing om samarbeidsmøte i løpet av Mars 19. Møtene vil bli holdt på Myra.